



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 11/21

Møtedato: 12.05.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Uttale til framføring av EL-anlegg til Fnr 148 m.fl, Flisøyne

Valdres Energiverk søker om å få føre fram straum til ei hytte – Fnr 148. Tiltaket er eit grunn disponeringstiltak etter §12 i fjellova og Statskog avgjer søknaden. Fjellstyret skal gi uttale til grunn disponeringstiltak.

*Fjellova §12: Iverksetjing av grunn disponeringstiltak - herunder tiltak som gjeld vassdrag - i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn. Grunn disponeringstiltak kan berre føretakast av departementet eller med løyve frå departementet, med mindre anna er særskilt fastsett. Før departementet tek avgjerd skal fjellstyret og i tilfelle allmenningsstyret ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka.*

I denne saka har det vore fleire versjonar på høyring. Det begynte med forslag om trase direkte mellom S787 (Strømmen Strand) og Fnr 148. Administrasjonen tok då opp dialogen med Valdres Energiverk, om dei hadde sett på ei løysing der det var mogleg å kople fleire på når det fyrst kom ein leidning til området. Dette hadde og samanheng med at føreslegne trase opphavleg hadde ein total-lengde på kabel som i utgangspunktet overstig deira eigne anbefalingar, og som ikkje gav rom for fleire enn ei hytte på ledningsnettet.

Etter dette har det vore meir dialog mellom partane, og Valdres energiverk har no komme fram til ei ny løysing der dei legg opp til ny høgspen-trafo ved Fnr 148, og deretter moglegheit for alle hytter i nærområdet å kople seg til.

Dette er ein god løysing finn administrasjonen, som gjer at det vert mindre behov for fleire tilførselskablar inn i området, og dermed i utgangspunktet mindre graving. Dette gjer og at nærliggande stølar og kan kople seg til i framtida, noko som er positivt. Ein vil gje honnnør til Valdres Energiverk for å tenke litt meir langsiktig, og tilpasse løysingar slik at fleire på ein enkel måte kan kople seg til i framtida.

### Framlegg til vedtak

Fjellstyret er positiv til at Valdres Energiverk kan føre fram straum til hyttefeste 148 med fleire jf. tilsendte skisser.

Ein føresett at tiltaket er avklare i høve til naturfangfald lova.

### Før behandling:

Representant Anne Berit Strømmen Strand fratrådte før behandling grunna inhabilitet/nær slekt med søker.

### Vedtak

Fjellstyret er positiv til at Valdres Energiverk kan føre fram straum til hyttefeste 148 med fleire jf. tilsendte skisser.

Ein føresett at tiltaket er avklare i høve til naturfangfald lova.

### Generelle reglar om fjellstyrevedtak:

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.*

*Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.*

*I følge §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 14.05.21

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Statskog